

# Eksamen

26.11.2020

NAB1001 Naturbasert produksjon

**Programområde: Naturbruk**

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	Kandidaten skal vise forståing og grunnleggande kompetanse i utøvinga av arbeidet.

Jobben din er enten på båt, i fiskeoppdrett eller på ein gard. I denne oppgåva vel du sjølv kva produksjon eller fangstmetode du skal skrive om.

## Oppgåve 1

Beskriv korleis ein arbeidsdag er for deg som produksjonsarbeidar. Du kan med fordel starte med å beskrive viktige reiskapar og utstyr.

## Oppgåve 2

Å ta vare på HMS (helse, miljø og sikkerheit) er viktig for deg på arbeidsplassen din. I arbeidet ditt jobbar du mykje ute. Når det er skikkelig ruskevær, aukar risikoen for skade på personar.

- a) Plukk ut fire av dei mest krevjande arbeidsoperasjonane dine, og vurder risikoen for alle fire.
- b) Forklar kva du eller leiinga kan gjere for at risikoen i dei fire arbeidsoperasjonane skal bli lågare.

## Oppgåve 3

Kvart år taper norske bedrifter millionar av kroner på mat som har dårleg kvalitet. I verste fall kan folk bli sjuke.

- a) Med utgangspunkt i produksjonen din, forklar kva som kan vere grunnen til redusert kvalitet på maten.
- b) Kva kan gjerast for å sikre kvaliteten på arbeidet slik at risikoen for dårleg mat blir mindre?

## Oppgåve 4

- a) Kva er meint med berekraftig utvikling?
- b) Forklar korleis berekraftig utvikling kan sikrast på arbeidsplassen din.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	Kandidaten skal vise forståelse og grunnleggende kompetanse i utøvelsen av arbeidet.

Jobben din er enten på båt, i fiskeoppdrett eller på en gård. I denne oppgaven velger du selv hvilken produksjon eller fangstmetode du skal skrive om.

## Oppgave 1

Beskriv hvordan en arbeidsdag er for deg som produksjonsarbeider. Du kan med fordel starte med å beskrive viktige redskaper og utstyr.

## Oppgave 2

Å ta vare på HMS (helse, miljø og sikkerhet) er viktig for deg på arbeidsplassen din. I arbeidet ditt jobber du mye ute. Når det er skikkelig ruskevær, øker risikoen for skade på personer.

- a) Plukk ut fire av de mest krevende arbeidsoperasjonene dine, og vurder risikoen for alle fire.
- b) Forklar hva du eller ledelsen kan gjøre for at risikoen i de fire arbeidsoperasjonene skal bli lavere.

## Oppgave 3

Hvert år taper norske bedrifter millioner av kroner på mat som har dårlig kvalitet. I verste fall kan folk bli syke.

- a) Med utgangspunkt i din produksjon, forklar hva som kan være grunnen til redusert kvalitet på maten.
- b) Hva kan gjøres for å sikre kvaliteten på arbeidet slik at risikoen for dårlig mat blir mindre?

## Oppgave 4

- a) Hva menes med bærekraftig utvikling?
- b) Forklar hvordan bærekraftig utvikling kan sikres på din arbeidsplass.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)